



Bremanger kommune
Kommunedelplan
for
trafikktrygging
2022 - 2033



Svelgen skule 25.11.2021, ved skuleslutt cirka kl 1435

Vedteken i Bremanger kommunestyre, sak 072/21 den 16.12.2021.

Den tematiske kommunedelplanen for trafikktrygging er utarbeidd frå mal/forslag utarbeidd av Trygg Trafikk. Føremålet med forslaget er hjelp til kommunane til ein heilskapleg lokal trafikktryggingsplan. Dokumentet viser til nasjonale og regionale målsettingar, og breidda i trafikktryggingsarbeidet, og skal såleis sikre at forventningane frå nasjonalt og regionalt hald blir følgde opp i den kommunale planen.

Innhald

- 1 Føreord
- 2 Innleiing
 - 2.1 Historikk
 - 2.2 Organisering av trafikktryggingsarbeidet i kommunen
 - 2.3 Samarbeidspartnarar
- 3 Nasjonale og regionale føringar for trafikktryggingsarbeidet
 - 3.1 Meld. St. 40 (2015-2016) *Trafikksikkerhetsarbeidet – samordning og organisering*
 - 3.2 *Nasjonal transportplan*
 - 3.2.1 *Barnas transportplan*
 - 3.3 *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018 – 2021*
 - 3.4 Folkehelse og trafikktryggleik - Regional folkehelseplan
 - 3.5 Regional transportplan / trafikktryggingsplan Vestland
 - 3.6 Trafikksikker Kommune
- 4 Trafikale utfordringar i kommunen
- 5 Mål og strategi for trafikktryggingsarbeidet i Bremanger kommune
 - 5.1 Målsettingar
 - 5.2 Strategiar
- 6 Kommunale tiltak
 - 6.1 Risikoåtferd i trafikken
 - 6.1.1 Fart
 - 6.1.2 Rus
 - 6.1.3 Bilbeltebruk
 - 6.2 Trafikantgrupper
 - 6.2.1 Born
 - 6.2.2 Ungdom og unge førarar

- 6.2.3 Eldre trafikantar og trafikantar med funksjonsnedsetting
- 7 Køyrety-teknologi
- 8 Systematisk trafikktryggingsarbeid i kommunen
- 8.1 Vegvedllikehald
- 9 Tabell med Innspel og merknader til trafikktryggingsplanen
- 10 Fysiske tiltak på vegnettet
- 10.1 Større tiltak
- 10.2 Regulering, skilting, gangfelt
- 10.3 Driftstiltak
- 11 Kommunal investeringsplan 2022 - 2025

1. FØREORD

Kommunane har ansvar for investeringar, drift og vedlikehald, på det kommunale vegnettet. Som vegeigar har kommunen eit særskilt ansvar for trafikktryggingstiltak på sine vegar. Folkehelselova og plan- og bygningslova gjev kommunen eit generelt ansvar for å førebygge skadar og ulukker

lokalt. Kommunane har ansvar og verkemiddel for innsats i det lokale trafikktryggingsarbeidet, då kommunen er ein store arbeidsgjevar og kjøpar av transporttenester. I tillegg er kommunen eigar og drivar av barnehagar og skular.

Trafikktryggleik inneber å kunne bevege seg trygt i sitt eige lokalmiljø, anten ein er fotgjengar, syklist eller bilist – barn, ungdom eller vaksen.

Trafikktryggingsplanen 2021 - 2025 vil gje grunnlaget for vidareføring av trafikktryggingsarbeidet i Bremanger kommune. Trafikktryggingsarbeid for alle trafikantgrupper er viktige folkehelseiltak, og i denne planen ynskjer ein å leggje vekt på tiltak retta mot gåande og syklende, og først og fremst der born ferdast. Tiltak for desse gruppene vil vere til nytte også for andre trafikantgrupper. I konkrete område med særlege utfordringar, kan det tilretteleggast for trafikantgrupper med særskilde behov.

Innbyggjarar og politikarar er opptekne av trafikktryggleik, og prioriterer dette. Det er likevel vanskeleg å få gjennomført alle tiltaka, då det er eit stort behov for tryggingstiltak. Ein del tiltak må difor diverre vente mange år, og nokon tiltak har eit omfang som gjer at dei føreset løyvingar som går ut over det som kvalifiserer til fylkeskommunale trafikktryggingstilskot.

2. INNLEIING

2.1 HISTORIKK

Bremanger kommune fekk utarbeidd kommunedelplan for trafikktrygging i 2000, ved Asplan Viak. Den vart vedteken i kommunestyret sak KST-023, våren 2001. Handlingsdelen har sia vore revidert ved fleire høve, med ein større revisjon i 2012.

Føremålet med planen er at han skal vere eit styringsverktøy for eit målretta trafikktryggingsarbeid i kommunen. Dette meiner ein har lukkast, og det ynskjer ein å leggje til rette for også i åra framover. Det har stort sett kvart år vore gjennomført viktige trafikktryggingstiltak, med hjelp frå tilskot av fylkeskommunale midlar til trafikktrygging i kommunane. Tilskota er avgjerande for å bidra til at trafikktryggingsarbeidet blir prioritert og gjennomført.

2.2 ORGANISERING AV TRAFIKKTRYGGINGSARBEIDET I BREMANGER KOMMUNE

Trafikktryggingsarbeidet i kommunen er forankra hos kommunedirektøren, og ansvaret for prosessen med å utarbeide en ny trafikktryggingsplan for perioden 2022 – 2025 er lagt til teknisk plan og forvaltning. Det er innhenta innspel til planen frå skulane og barnehagane, herunder foreldreutvala, og 11 grendalag. Vidare har ein bede Vestland fylkeskommune og Trygg Trafikk om innspel. Planen skal høyrast offentleg, behandlast med innkomne merknader, og endeleg vedtakast av kommunestyret.

2.3. SAMARBEIDSPARTNARAR

Gjennomføring av planen ligg til fleire sektorar, som avdeling for kommunalteknikk og oppvekst hos kommunen, og Statens vegvesen, politiet og Trygg Trafikk.

I tillegg bidreg nemnde og andre instansar og organisasjonar i trafikktryggleiksarbeid basert på eigne planer og tiltak, som for eksempel: Politi, Statens vegvesen, Røde kors, Personskadeforbundet, NAF, MA, NMCU, Trygg Trafikk.

3 NASJONALE OG REGIONALE FØRINGAR I TRAFIKKTRYGGINGSARBEIDET

3.1 MELD. ST. 40 (2015-2016) TRAFIKKTRYGGINGSARBEIDET – SAMORDNING OG ORGANISERING

Regjeringa legg til grunn at Noreg er verdsleiande innanfor trafikktryggleik på veg, som følge av målretta, tverrsektoriell, kunnskapsbasert og langsiktig innsats. Trafikkulukker utgjer likevel et stort samfunnsproblem, og omfanget av tapte liv er uakseptabelt. Ulukker og skadar i trafikken påfører menneske store lidningar, og har store kostnader for samfunnet, reikna til cirka 24,2 mrd per år. Helse- og omsorgstenestene må ta mykje av kostnadene. Trafikktryggleik må derfor framleis ha høg prioritet, med nullvisjonen som eitt av hovudmåla for transportpolitikken.

Stortingsmeldinga om trafikktryggingsarbeidet viser til at mange av dei enkle og mest effektive trafikktryggleikstiltaka alt er tekne i bruk. Med eit lågare tal trafikkulukker blir meir reduksjon i tal drepne og hardt skada stadig meir krevjande, og avhengig av auka og felles innsats frå fleire offentlege aktørar. Hovudretningen på meldinga er derfor å fokusere på tverrsektorielle utfordringar og behov i trafikktryggingsarbeidet, og bidra til betre overordna forankring og auka samordning av den framtidige innsatsen.

I stortingsmeldinga presenterer regjeringa seks satsingsområde:

- Forankring av tverrsektorielt trafikktryggleiksarbeid på overordna nivå
- Betre utnytting av tilsyns- og kontrollinnsatsen gjennom styrka tverretatleg samarbeid
- Meir effektiv formidling, enklare tilgang til, og betre utnytting av, kunnskap frå ulukkesundersøkingar
- Retningsliner for registrering av vegtrafikkulukker, og auka utveksling av skade- og ulukkesdata

Generelt vil regjeringa vidareføre ei brei tilnærming i trafikktryggingsarbeidet, ein målretta innsats mot dei mest alvorlege ulukkestypene, og ein målretta innsats mot risikogrupper. Det trafikantretta trafikktryggingsarbeidet skal vektleggast.

3.2 NASJONAL TRANSPORTPLAN (NTP)

Meld. St. 20 (2020-2021) *Nasjonal transportplan 2022 – 2033*.

Planen er nyss vedteken i Stortinget, og det kan bli endra prioriteringar i budsjettprosessen.

Nasjonale mål og hovudområde for innsats:

Regjeringa vidarefører i Meld. St. 20 (2020-2021) *Nasjonal transportplan 2022 - 2033* nullvisjonen, og legg opp til eit nytt, ambisiøst etappemål om maksimalt 350 drepne og hardt skadde innan 2030, av desse maks 50 drepne. Regjeringa vil i planperioden rette innsatsen mot fleire hovudområde:

- Sikre vegar
- Risikoåtfærd i trafikken
- Spesielt utsette grupper i trafikken
- Teknologi
- Tunge køyrety

3.2.1 BARNAS TRANSPORTPLAN

Nasjonal transportplan 2022 - 2033 inneholder eit eige kapittel om *Barnas transportplan*. Regjeringa vil:

- Legge til rette for at dei fleste barn og unge skal velje å gå eller sykle til skulen
- Styrkje trafikktryggleiken for born og unge
- Legge vekt på behova til born og unge, i planlegginga og utviklinga av transportsystemet
- At det skal leggest vekt på omsynet til born og unge i lokal og regional planlegging
- Følgje opp transportetatane når det gjeld omsynet til born og unge i utviklinga av transportinfrastrukturen
- Styrke kompetansen om trafikktryggleik i barnehage og skule

I planen presiserer ein at born og unge er trafikantar i dag og for framtida, og dette må takast omsyn til også i overordna planar.

3.3 NASJONAL TILTAKSPLAN FOR TRAFIKKSIKKERHET PÅ VEG 2018 – 2021

Nasjonal tiltaksplan for trafikkikkerhet på veg 2018-2021 er utarbeidd av Statens vegvesen, Politiet, Helsedirektoratet, Utdanningsdirektoratet, Trygg Trafikk, fylkeskommunane og sju storbykommunar. I tillegg har fleire andre aktørar gjeve innspel til planen. Arbeid med ny plan for 2022 – 2025 pågår.

Planen byggjer på Meld. St. 33 (2016-2017) *Nasjonal transportplan 2018-2029 (NTP)* og Meld. St. 40 (2015-2016) *Trafikkikkerhetsarbeidet – samordning og organisering*. Ambisjonsnivå og prioriteringar i tiltaksplanen er i samsvar med *Statens vegvesen sitt handlingsprogram 2018-2023 (2029)*, *Strategiplan for polititeneste på veg 2016-2019*, *Trygg Trafikks strategi 2018-2025*, fylkeskommunen sine planar for prioritering innanfor trafikktryggleiksarbeidet, trafikktryggingplanane for dei sju storbykommunane.

Føremålet med tiltaksplanen er å presentere et sameina og breitt spekter av fagleg forankra tiltak, i tillegg til å styrkje samarbeidet mellom dei sentrale trafikktryggleiksaktørane. Tiltaka i tiltaksplanen skal sikre at ein har stø kurs mot ein langsiktig nullvisjon for trafikkdrepane og -skada.

3.4 FOLKEHELSE OG TRAFIKKTRYGGLEIK

Trafikkulukker er et betydeleg folkehelseproblem trass ein betydeleg reduksjon av tal alvorlege trafikkulukker sidan 1970. Det er spesielt for unge menneske at trafikkulukker utgjør ei viktig årsak til tidleg død, helsetap og redusert livskvalitet. Regjeringa vil i tråd med Meld. ST. 19 (2014 2015) *Folkehelsemeldingen mestring og muligheter*, forsterke det tverrsektorielle samarbeidet for å førebyggje ulukker. Det er viktig at kommunen integrerer det ulukkesførebyggjande arbeidet generelt, og trafikktryggingsarbeidet spesielt, i sitt folkehelsearbeid.

REGIONAL PLAN FOR FOLKEHELSE 2015 – 2025, Sogn og Fjordane, har innanfor satsingsområde *Gode bu- og nærmiljø*, eit punkt i handlingsplanen om *god tilrettelegging for gåande og syklende*, der kommunane er ansvarlege.

3.5 REGIONAL TRANSPORTPLAN OG HANDLINGSPLAN FOR TRAFIKKTRYGGING I VESTLAND

Trafikktryggingsarbeidet i Vestland fylkeskommune blir forankra i ny *Regional transportplan for Vestland 2022 – 2033 (RTP)*, og *Handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland 2022 – 2025*. Planutkast skal vedtakast i i fylkestinget desember 2021. Inntil vidare er Vestland fylkeskommune sine satsingsområde forankra i budsjettokumentet for 2021. Satsingsområda er:

- Trafikksikringsarbeid i kommunane
- Møte- og utforkøyringsulukker utanfor tettbygde strok
- Mjuke trafikantar i regionsentra og langs skuleveg

Gjeldande *Regional transportplan for 2018 – 2027* har desse måla for traikktrygging:

- Sikre vegnettet mot alvorlege utforkøyringsulukker, ved auka satsing på utbygging/utskifting av rekkverk, og sikring av sideterreng
- Leggje vekt på born og unge sine behov i planlegging og utvikling av transportsystemet
- Innarbeide digitalisering og bruk av ny teknologi som ein systematisk del av arbeidet med å betre trafikktryggleiken

3.6 TRAFIKKSIKKER KOMMUNE

Etter vegtrafikklova § 40a har fylkeskommunen eit ansvar for å tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikktryggleiken i fylket. Ei viktig oppgåve i så måte er å påverke og stimulere kommunane til å arbeide målretta og heilskapleg med trafikktryggleiksarbeidet.


Det er mange lover og forskrifter som direkte eller indirekte omtalar ansvaret kommunen har for ulukkesførebygging, folkehelsearbeid og trafikktryggleik. Kommunen er pålagt eit ansvar mellom anna som vegeigar, som eigar av skular og barnehagar, og som stor arbeidsgjevar og kjøper av transporttenester.

For å ivareta denne heilskapstanken er det utarbeidd kriteriar og sjekklister som skal være verkty for å kvalitetssikre trafikktryggingsarbeidet i kommunen. Det er dette som ligg i omgrepet *Trafikksikker kommune*, som er eit satsingsområde for Vestland fylkeskommune og Trygg Trafikk. Kommunen bør arbeide for å bli *Trafikksikker kommune*. Dette vil gje trafikktryggingsarbeidet auka merksemd og fokus. Godkjenning inneber m.a. at konkrete rutinar for trafikktryggingsarbeidet innanfor all verksemd i kommunen, blir skriftleggjort og dokumentert. *Rettleiar for ein trafikksikker kommune* seier kva som må oppfyllest for å bli godkjend som dette: https://www.tryggtrafikk.no/wp-content/uploads/2018/06/Rettleiar-mal_nynorsk_trykklar.pdf

4 TRAFIKALE UTFORDRINGAR I KOMMUNEN

I Bremanger kommune var det, jfr Statens vegvesen sitt Trafikkulukkesregister, 9 ulukker med personskadar i 2020. Av desse var det òi dødsulukke, 3 hardt skada og 5 lettare skada. 6 av dei 9 ulukkene var utforkøyning. Det framgår ikkje kor mange som galdt fotgjengarar.

I perioden 2015 – 2020 var det 28 personskadeulukker, med òi dødsulukke, 3 hardt skada og 24 lettare skada. 18 av desse 28 var utforkøyning. Det framgår ikkje kor mange som galdt fotgjengarar. Dei fleste av ulukkene skjedde på fylkesveg.



Frå Vegkart, Vegvesenet, trafikkulukker 2015 - 2020

I tillegg til det som framgår av det offisielle Trafikkulukkesregisteret, skjer det ulukker som ikkje blir rapporterte til politiet. Dette gjeld særleg eine-ulukker på sykkel. Fallulukker med fotgjengarar reknar ein ikkje som trafikkulukker, og dei inngår derfor ikkje i statistikken.

Generelt skuldast ein del av utforkøyringsulukkene førarfeil/rus. Ein del av årsaka er også forhold veg vegen, og det er derfor viktig med tiltak for betre vegar, herunder fornying og etablering av rekkverk, og vedlikehald av ujamn, holete vegbane.

I høve skular og barnehagar og område der folk flest ferdast, er det fleire stader tilkomstvegar der dei mjuke trafikantane må nytte fylkesvegar og same køyrebane som den alminnelege biltrafikken, som har til dels store køyrety. Det vil her vere behov for å separere trafikken ved

etablering av gang-/sykkelveggar, og syte for eigna fart i høve tryggleik, ved hjelp av nedsett fartsgrense og humpar.

5. MÅL OG STRATEGI FOR TRAFIKKTRYGGINGSARBEIDET I BREMANGER KOMMUNE

5.1 MÅLSETTING

I perioden 2022 - 2025 skal det vere 0 skada eller drepne i trafikken i Bremanger kommune.

5.2 STRATEGI

I *Nasjonal Tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg* er det satt opp fleire tilstandsmål formulert som måltal. For å nå desse måla må det iverksetjast tiltak. Kommunen skal arbeide aktivt for å bidra til dette. Dette gjeld først og fremst følgjande område:

Auka andel bruk av bilbelte, refleks, bakovervendt barnesikring, sykkelhjelm.

Redusere andel bilistar som overskrid fartsgrensene.

- Arbeide målretta for at fleire går og sykklar til skulen.
- Arbeide for at skulane og barnehagane blir godkjende som trafikksikre skular.
- Arbeide for at kommunen blir godkjend som *trafikksikker kommune*.
- Auke omfanget av gang og sykkelveggar

6. KOMMUNALE TILTAK

I *den Nasjonale tiltaksplanen (2018-2021)* er det sett mål for tilstandsutvikling innanfor område der tilstandsendringar er avgjerande for reduksjon i tal drepne og hardt skada.

I dette kapittelet viser vi til dei innsatsområda kommunen meiner er mest relevant å arbeide med. Under kvart av områda er det konkretisert kommunale tiltak som skal bidra til å nå de nasjonale måla.

6.1 RISIKOÅTFERD I TRAFIKKEN

6.1.1 FART

Kommunale tiltak:

- Kommunen som arbeidsgjevar skal påverke sine tilsatte i teneste til å opptre trygt i trafikken. Kommunen skal ha utarbeidde retningsliner for tenestereiser, og ha forankra denne i alle sektorar.

- Kommunen som kjøpar av transport-, veg- og vedlikehaldstenester, skal stille konkrete krav til samarbeidspartnarane. Krava skal innarbeidast i tilbodsdocumenta.

6.1.2 RUS

Kommunale tiltak:

- Kommunen skal arbeide aktivt for å hindre at tilsette er påverka av rusmiddel i tenesta.
- Ved kjøp eller leasing av nye bilar skal alkoholås innarbeidast som del av tilbodsgrunnlaget

6.1.3 BILBELTEBRUK

Kommunale tiltak:

- Kommunen skal alltid velje bussar med 3-punktsbelte ved leige av bussar til transport i regi av kommunen.
- Gjennom retningslinene for tenestereiser skal kommunen ha forventning om at alle kommunalt tilsette brukar bilbelte ved transport i teneste. Dette gjelder bil og buss.
- Helsestasjonane skal ha fokus på temaet barn i bil, og spesielt at borna skal sitje sikra bakovervendt i bil til dei er 4 år.
- Barnehagane skal gjennomføre tiltak for fokus på sikring av born i bil. Her har Trygg Trafikk råd og materiell.

6.2 TRAFIKANTGRUPPER

6.2.1 BORN

Kommunale tiltak:

- Barnehagar og skular skal i samarbeid med foreldre ha fokus på trafikktryggleiksarbeid og førebyggjing av ulukker. Ein viser til Trygg Trafikk og tiltak i *Trafikksikker barnehage og skule*. Tiltak er f eks besøk av Politiet og Eddie, Refleksaksjonen i samarbeid med NAF og Politiet, praktisering av trafikkreglar i samband med tur-utflukter, praktisk og teoretisk sykkelprøve.
- Kommunen skal gjennomføre vurdering av særleg farleg skuleveg
- Kommunen skal arbeide for trafikksikre soner rundt skulane og barnehagane. Ein viser til Trygg Trafikk og *Hjertesone*: <https://www.tryggtrafikk.no/skole/hjertesone/>
- Kommunen skal avgrense høve til å køyre inn på skuleområde og i områda ikring skulane og barnehagane
- Kommunen skal leggje til rette for at fleire kan sykle eller gå til skulen.
- Dei kommunale barnehagane og skulane skal intensjon om å bli godkjende som *Trafikksikker skule og barnehage*

- Skulane skal syte for god sykkel- (og sparkesykkel)opplæring i tråd med kompetansemål i Kunnskapsløftet.
- Kommunen skal stimulere lag og foreiningar til å sikre at dei vaksne skyssar born til og frå fritidsaktivitetar/konkurransar på ein trafikktrygg måte. Det er og ønskjeleg at lag og foreiningar arrangerer kampanjar om trafikktryggleik generelt. Trygg Trafikk, Politiet m.v. vil kunne bidra til slike tiltak.
- Helsestasjonane, barnehagane og skulane fokuserer årleg på kor viktig det er at syklistar og fotgjengarar brukar personleg verneutstyr i trafikken. Dette kan vere sykkelhjelm, refleks, refleksvest.
- Kommunen skal syte for at tilsette i barnehagar og skular har tilstrekkeleg kompetanse til å gjennomføre god trafikkopplæring i tråd med gjeldande rammeverk
- Kommunen skal stimulere lag og foreiningar til å innarbeide retningslinjer for transport, innanfor si verksemd

6.2.2 UNGDOM OG UNGE FØRARAR

Kommunale tiltak:

- Kommunen skal tilby trafikalt grunnkurs. Foreldre er og viktige i trafikkopplæringa, i samband med lærekøyring, og som førebilete.
- Kommunen skal stimulere lag og foreiningar til å innarbeide retningslinjer for transport innanfor si verksemd

6.2.3 ELDRE TRAFIKANTAR, OG TRAFIKANTAR MED FUNKSJONSNEDSETTING

Kommunale tiltak

- Kommunen skal leggje til grunn universell utforming ved fysisk utforming av vegar og gangvegar, for å ivareta eldre trafikantar og trafikantar med funksjonsnedsetting
- Kommunen skal stimulere pensjonistforeiningane til å integrere temaet trafikktryggleik i si verksemd
- Alle kommunale parkeringsplassar skal ha merka handikaplassar. Private eigarar av parkeringsplassar skal oppmodast om å merke slike plassar

7 KØYRETY-TEKNOLOGI

Kommunale tiltak:

- Kommunen skal i tilbudsreglementet ved kjøp / leasing, leggje inn krav om automatisk nødbrems, feltskiftevarslar og fotgjengarvarslar

8 SYSTEMATISK TRAFIKKTRYGGINGSARBEID I KOMMUNEN

8.1 Kommunale tiltak:

- Kommunen skal ha ein intensjon om å bli godkjend som *Trafikksikker kommune*.

8.2 VEGVEDLIKEHALD

Statens Vegvesen si *handbok 111: Standard for drift og vedlikehald* gjeld drift og vedlikehald har krav som skal sikre trafikktryggleiken. Ein legg til grunn at fylkeskommunen følgjer denne for sitt vegnett.

Kommunen vil for sine vegar ta sikte på å oppnå delmåla som går fram av tabellen nedanfor. Også desse byggjer på handbok 111, men med ei tilpassing til kommunale tilhøve

<i>Vegetasjon</i>	I avkøyrslar, og siktsoner i kurvar, skal vegetasjon og andre sikthinder ikkje vere høgare enn 50 cm over vegbana Vegetasjon må ikkje hindre sikt til skilt eller vegmerking
<i>Lys og vegmerking</i>	Defekte veglys skal reparerast snarast råd, og der 3 eller fleire ilag er defekte, skal det reparerast innan ei veke Vegskilt skal kunne lesast på minst 50 m avstand. Skada skilt skal reparerast eller skiftast ut straks, dersom skaden representerer ein fare for trafikantane Minst 50 % merkinga av gangfelt, fartshumpar og anna vegmerking, skal vere synleg til eikvar tid
<i>Vegdekke, skulder</i>	Holer som representerer fare for syklende, gåande eller bilistar, skal reparerast så snart det er muleg. Det same gjeld skadde kumløkk, slukrist og liknande element i vegbana Kantstein som er laus, skal reparerast innan to veker i sommarhalvåret, og om vinteren skal laus stein straks fjernast, og erstattast innan 1. juni Kantstein skal ved gangfelt vere maks 2 cm over vegbana
<i>Autovern, betongstøypekant</i>	Skada rekkverk som kan vere til fare for mjuke trafikantar og bilistar, skal reparerast straks Høgde på rekkverk skal forhøgast dersom totalhøgda ikkje lenger held 50 cm høgde over vegbana

	Vegskråningar skal så langt råd, er sikrast, der det er risiko for store konsekvensar ved eventuell utforkøyning eller fall
<i>Vintervedlikehald</i>	<p>Brøyting på køyreveggar og gangveggar skal gjennomførast slik at våt snø ikkje overstig 5 cm over vegbane. Før tørr snø er grensa 10 cm.</p> <p>Snø som hindrar sikten framfor skilt, og i avkøyrslar og siktsoner, skal ryddast straks og seinast innan eit døgn. Skular og barnehagar har prioritet</p> <p>Telehiv eller setningar som er til fare for trafikantane, skal avrettast så snart det er muleg</p> <p>Dersom veggar er glatte for alminneleg godt vinterskodde bilar, skal det strøast</p> <p>Gangveggar, og plassar for gangtrafikk, skal strøast snarast råd når det er glatt, slik at fotgjengarar og syklande ikkje nyttar køyrebana, og at ein kan gå trygt på plassar ved kommunale bygg som skular, barnehagar m.v.</p> <p>Strøsand skal fjernast så snart vintersesongen er over</p>

9 Tabell med innspel til planarbeidet, og merknader ved offentleg ettersyn av trafikktryggingssplanen:

Svelgen

1	Fv 614	Anders Langeland	Fv 614 gangfelt ved avkøyrslor Orrevegen, nedsett fartsgrense (30km) frå busskur vestanfor Langeneset, og til toppen
2	Kommunal	Jan Hansen	Kommunal Skinstølen, farleg med elsparksyklar til og frå skule. Rydde for sikt
3	Fv 614	Svelgen oppvekst	Fv 614, fartshumpar frå Elkem til Rise
4	Fv 614		Fv 614 Lys frå sentrum til Langeneset
5	Fv 614		Fv 614 Gangfelt ved avkøyrslor Orrevegen og ved busskur ved barnehagen
6	Kommunal		Kommunal :Veg til idrettshus, tryggingstiltak. Den har gangtrafikk, biltrafikk, herunder varetransport
7	Fv 614	Foreldreutvalet, FAU ved Leo Cirotzki	Lys frå snarveg frå Hola og opp til busstopp vestsida Langeneset

			ved Kvisten
8	Fv 614		Veglys heile døgnet, grunna skiftarbeidsplassar
9	Fv 614		Gangfelt ved busstopp Langeneset barnehage
10	Privat grunn		Sti frå Orrevegen ned til busstopp Langeneset barnehage. Universell utforming og lys
11	Fv 614		Fartsdempande tiltak avkøyrse idrettshus til austre innkøyrse busslomme, ved stadion
12	Kommunal		Skilje bilar og gåande/syklende på vegen ned til idrettshus og skule
13	Fv 5710		Busstopp ved Solvegen, nedsida av fylkesveg
14	Fv 5710		Leggje til rette for vegkryssing for gåande, krysset ved Elkem
15	Fv 614		Gangbru Riseelva
16	FV 614		Gangfelt i Elvavegen ved Røde Kors-bygget
17	Fv 5710	Mevika grendalag v Ragnhild Sagmo	Fartshumpar Mevika
18	Fv 5710		Gang-/sykkelveg frå Mevika til skulen
19	Fv 5710		Siktrydding
20	Kommunal	Bjørn Inge Vadstein	Skilte parkeringsforbod, grunna mykje bilar i vegen som er til fare for borna i området
21	Kommunal	Nesbø-Dyrstad grendalag v Veronika Ommedal	Nesbøstigen, rassikring og rekkverk
22	Kommunal		Nesbøelva, elveforebygging mot erosjon, og sikring av brukar
23	Fv 5710		Ujamn vegbane
24	Fv 5710		Siktrydding
24.1	Fv 614	Herborg H. Eikeland og Terje Fløtre	Nedsett fartsgrense frå 80 km til 60 km, frå Langeneset til Eikeland
Innspel 2015	Fv 614	Kåre Jarle Langeland	Trygging av dei to korte tunnelane nord for Svelgen, for gåande/syklende. Bru Riseelv, evt lysregulering
Innspel 2018	Fv 614	Venstre	Innspel om fleire busstopp sentrum – Langeneset, flytting av eksisterande busstopp
Merknad	Kommunal	Connie Lekven	Vedlikehald Strandvegen, holer, gatelys, sikthindrande busker. Manglande parkering Ønskjer busstopp ved Best
Merknad	Fv 614	Foreldreutvalet Svelgen oppvekst (FAU)	Viser til at innspel ikkje er tekne omsyn til; 30 km-sone busslomme vestsida Langeneset, til toppen Gangfelt ved avkøyrse Orrevegen og ved barnehagen Gangveg med universell utforming Orrevegen – Gunnar Shjelderupsveg Heva gangfelt Elvavegen – søkje på nytt Gang-/sykkelveg Mevika - skulen

Hauge

25	Fv 616	Kenneth Brekke	Veglys frå Struen/Smedvik til Svarstad
26	Fv 616		Veglys frå Fossane til Fossestranda (Løvikstranda)
27	Fv 616		Busstopp/-skur Smedvik, Struen. Retning Kalvåg
28	Fv 616	Dalen grendalag ved Ivar Varpe	Veglys Smedvik – Svarstad
29	Fv 616		Busstopp/-skur oppsida fylkesveg, Svarstad, retning Hauge. Også heile vegen til Hauge skule
30	Privat grunn		Gangveg over Skaret, frå Dalevatnet
31	Ved Fv 616		Parkeringsplass i Smedvikkrysset
32	Fv 5706		Gang-/sykkelveg opp Smedbakken (frå krysset i Struen og retning Hauge)
33	F v 616	Cecilie Potornai	Veglys frå Fossane til Fossestranda (Løvikneset)
34	Kom muna l	Cathrine Torvanger	Fartshindrande tiltak, humpar, i Først
35	Fv 5706	Svein Arne Torvanger	Fjerning av sikthinder avkøyrse Hauge legekontor
36	Fv 5706	Sonia Costa	Gang-/sykkelveg på Grotlevegen, veglys nokre stader
37	Fv 5706	Iglandsvik Utvikling ved Jan Torvanger	Omlegging av fylkesvegen ved Havly B&B, og etablering av gang-/sykkelveg
Merknad	Fv 5706	Firda Billag	Skilte køyreretning i busslomme Hauge skule Smal veg ved Havlys
Merknad	Fv 5706	Hauge oppvekst	Uoversiktleg kryss ved Heimen Forlenga 40- sone mot aust, frå skulen Dårleg sikt ved kryss Stasjonsvegen, Haugetun. Grunne vegetasjon Kryss Bjørsvika/Grotlevegen bør skiltast «til eigedomane» Dårleg sikt ved ballbinge Bjørsvika Dårleg sikt i avkøyrse til Førdsvegen
Merknad	Fv 5706	Monica Hauge med fleire	Utbetring ved Iglandsvik Fartshumpar Iglandsvik
Merknad	Fv 616	Willy Førde	Ønskjer involvering ved av gatelysetablering

Davik - Rugsund

38	Fv 616	Janne Bakke og Jørgen Slåtto	Nedsett fartsgrense til Davikneset (Geilehola). 400m-strekning med smal veg rundt neset. 60 km- grense idag
39	Fv 616	Siri Haugan og Kåre Herrevold	Tiltak på strekningen Sørsida 1586 og cirka 900 m mot Davik. Farleg for gåande og syklende. Nedsett fart, skilting om fare – som smal vegbane og farlege avkøyrslar
40	Fv 616	Kolset krins utviklingslag ved Åse Leirgulen	Av- og påstiging for elevar frå Storøy/Skatestraumen må skje på parkeringsplassen til Kolset skule, og ikkje som i dag, der det er uoversiktleg.
41	Fv 616		Gangfelt ved Leirgulen Handel.
42	Fv 616		Nye rekkverk på strekningen mot Davik, herunder austover frå Askeland.
43	Fv 616		Slite og holete vegdekke Rugsund - Davik
44	Fv 616		Kolset bustadfelt: busskur for reisande i retning Davik
45	Fv 616		Geitebrua, aust for Rugsund, rasfare, smal veg.
46	Fv 616		Gangfelt ved busskur Blålidkrysset, og skilting <i>Barn 142</i>
47	Fv 616	Davik utviklingslag ved Monica Hamre, og Foreldreutvalet (FAU) ved Davik Oppvekst, ved Håkan Høgberg	Rassikring Isane – Rugsund
48	Fv 616		Autovern Isane – Rugsund
49	Fv 616		Gang-/sykkelveg Sigdestad – Neset, evt strakstiltak med tofelts veg
50	Fv 616		Fartshumpar ved Herrevold
51	Fv 616		Gangfelt ved Davik Oppvekst

52	Fv 616	Ingvild Langeland og Knut Erlend Dombestein	Ved busstopp avkøyrse Dombesteinsvegen. Uoversiktleg sving mot Rugsund, farleg då borna må krysse vegen. Nedsett fart, evt fartshumpar. 60 km-sone I dag.
Merknad	Fv 616	Bremanger eldreråd	50-km gjennom bygda, humpar på bein strekning. Skilte forkøyrsvveg fv 616, møteplass Åsanevegen, manglande gatelys
Merknad	Fv 616	Kolset krins utviklingslag	Av- og påstiging for elevar ved Davik skule må skje ved byggjefelt Kolset Lenging av 60 km-sone mot Lofnes
Merknad	Fv 616	Steffen og Gunnhild Lofnes	60 km-sone til austom indre Lofnes Gatelys og gangveg, på denne strekningen

Ålfoten

53	Kommunal veg	Ålfoten Grendautval ved Frode Vik, og Ålfoten oppvekstsenter ved Eldbjørg Aske Myklebust	Vegutviding 150 m og eige felt for gåande, på strekningen Myklebustelva – Skaret på Sigdestad.
54	Kommunal veg		Vegutviding frå skulen – retning Førde. Veglys og autovern på same strekningen
55	Kommunal veg		Brotane - fartshumpar
56	Kommunal veg		Brotane – Kyrkjevegen, ynskje om gatelys
57	Privat veg		Brøyting av Øyrevegen, alternativ til farleg kommunal veg
58	Kommunal veg		50 km-sone frå avkøyrse ved Fv 614, til Kyrkjevegen, og fartsdemparar ved avkøyrse til Brotane, ved Ålfotevegen 15 og Ålfotevegen 19.

59	Kommunal veg		30 km-sone og fartsdempingar, frå avkøyrse Kyrkjevegen, til skulen. Skilting om <i>skuleveg</i>
60		Ålfoten oppvekstsenter ved Eldbjørg Aske Myklebust	Besøk av Politiet og Eddie Refleksaksjonen, samarbeid mellom NAF og Politiet Praktisering av trafikkreglar, i samband med turar Praktisk og teoretisk sykkelprøve

Botnane

61	Fv 5711	Jens Anders Sunde Midtbø	Ynskjer 60 km-sone, gatelys og busskur i Myrane
62	Fv 5711	Trude Sørboten	Busskur Frøysjøvegen 3130, 60 km-sone gjennom bygda, gatelys fleire stader
Merknad	Fv 5711	Botnane og Årebrot Grendalag	Generell opprusting av fylkesvegen

Kalvåg

63	Kommunal veg	Espen Frøyen	Fartshumpar Holmebakkane, tre punkt før krysset til Bontelabo
KST-086/20	Kommunal veg		Revisjon og gjennomgang av trafiksikringstiltak i Kalvåg sentrum, knytt til fart, og sikring av kaiområde
64	Kommunal veg	Ved driftssjef	Gangfelt frå skulen til ny busslomme i vest

10 FYSISKE TILTAK PÅ VEGNETTET

Underståande er oversyn over aktuelle tiltak, og byggjer på nye innspel i 2021 og nokre vidareførte tiltak frå gjeldande plan. I tillegg er det teke med innspel som har lege på vent for revisjon av trafikktryggingssplanen, og tiltak som administrasjonen ser som viktige.

Langt dei fleste av tidlegare tiltak er gjennomførte, med hjelp frå fylkeskommunale trafikktryggingssmidlar

Dei fysiske tiltaka går fram av tabellar under.

Kolonna til venstre i tabellane viser eit referansenummer frå den vedlagde lista over innkomne innspel. Kolonna "veg" syner om det er kommune- eller fylkesveg, eventuelt privat grunn. Ansvarleg for tiltaka vil i utgangspunktet vere Vestland fylkeskommune for fylkesvegar, og kommunen for kommunale vegar. Einskilde tiltak kan likevel vere samarbeidsprosjekt, uavhengig av vegtype.

Det er sett eit kryss ved tiltak på kommunale vegar som ein prioriterer høgast. Prioriteringa er vanskeleg, då det er mange viktige tiltak. For fylkesvegar vil tiltak bli prioriterte av vegeigar, med innspel frå kommunen.

10.1 STØRRE TILTAK

Lista under gjeld økonomisk omfattande tiltak. Kommunen vil prioritere i samsvar med dette, og vil be Fylkeskommunen og Statens vegvesen om å gjere det same når det gjeld fylkesvegar. Nokre tiltak der kommunen er ansvarlege, er såpass store at det bør vurderast eigne løyvingar. Dette gjeld f eks ny veg til Svelgen kapell og rassikring Nesbøstigen.

Ref.	veg	Stad og tiltak	Prioritet
		Svelgen	
7	Fv	Gatelys frå busslomme vest for Langeneset – til toppen	
13	Fv	Busstopp med busstur, Sande ved avkøyrse Solvegen, retning Svelgen	
15	Fv	Gangbru Riseelva	
18	Fv	Gang-/sykkelveg Mevika -skulen	
21	K	Nesbøstigen, rassikring og rekkverk*	x
K	Fv	Fortau frå snarveg til Villabakken, og fram til anleggsveg Risevatnet	
Tidl. Innspel	Privat	Gatelys langs gangveg på austsida av Riseelva, frå Elvavegen til Gunnar Schelderupsveg, regulert veg bygt på dugnad	
		Hauge	
27	Fv	Busstopp/-skur Smedvik, Struen, retning Smørhamn	
	Fv	Gatelys Svarstad – Smedvik, Struen	
29	Fv	Busstopp/-skur Svarstad, retning Hauge	
31	Fv	Parkeringsplass Smedvikkrysset	
32	Fv	Gang-/sykkelveg opp Smedvikbakken mot Hauge	
33	Fv	Gatelys frå Fossane til Fossestranda	
36,37	Fv	Gang-/sykkelveg på Grotlevegen, og nokre stader veglys	
37	Fv	Omlegging av fylkesvegen ved Havlys B&B	
		Davik - Rugsund	
44	Fv	Busstopp/-skur ved Kolset bustadfelt, for reisande i retning Davik	
45	Fv	Geitebrua aust for Rugsund, rassikring, evt utviding	
47	Fv	Rassikring Isane - Rugsund	
49	Fv	Gang-/sykkelveg Sigdestad - Neset	
		Ålfoten	

56	K	Ålfotevegen ved Brotane, til avkøyrse Kyrkjevegen, gatelys	x
		Botnane	
61,6 2	Fv	Busstur ved Myrane og Frøysjøvegen 3130	
61, 62	Fv	Gatelys Myrane og elles på utsette stader langs fylkesvegen	
		Kalvåg	
K	K	Samanhengande fortau gjennom Kalvåg	x

*Rassikring Nesbøstigen er eit tiltak av eit omfang ein ikkje reknar med kan gjennomførast som eit trafikktryggingstiltak med tilskot av dei fylkeskommunale trafikktryggingssmidlane.

10.2 REGULERING/SKILTING, GANGFELT

Dette gjeld ynskje om redusert fart, parkeringsregulering eller skilting av farlege punkt m.v. Der det er ynskje om fartshumpar, er det vanlegvis tale om 30 km- og 40 m-soner. Fartshumpar er og nødvendig der ein ynskjer å sikre at 50 km-sone blir følgt.

Ein vil søkje om at Vestland fylkeskommune gjennomfører tiltak på fylkesvegar, men der dette ikkje blir prioritert, kan kommunen innarbeide tiltak i sitt budsjett og søkje om trafikktryggingssmidlar til gjennomføringa.

Kommunen vil på sikt utarbeide ein skiltplan som omfattar heile vegnettet. Tiltaka i tabellen nedom skal gå inn i skiltplanen.

Det er avogtil ynskje om skilting «Born leikar». Dette må ein søkje kommunen om å setje opp, på kommunale vegar. Dei som bur i bustadområdet må sjølve koste oppsetting og vedlikehald, og syte for å ta nedatt skiltet når det eventuelt ikkje trengst lenger.

Ref	Ve g	Stad og tiltak	
		Svelgen	
1, 5	Fv	Gangfelt ved avkøyrse til Orrevegen	
1	Fv	Nedsett fartsgrense til 30 km, frå busstur på vestsida av Langeneset, til -toppen	
3	Fv	Nedsett fartsgrense/fartshumpar, frå Elkem til Rise	
4			
5, 9	Fv	Gangfelt ved busstur Langeneset barnehage	
6, 12	K	Betre forhold for gåande og syklande ved avkøyrse til idrettshus/skule, skilte innkøyring forbode ved øvste innkøyrse	
11	Fv	Fartsdemparar frå avkøyrse idrettshus til stadion	
16	Fv	Gangfelt ved krysset mot Elkem, over Sandevegen	
17	Fv	Fartsdemparar Mevika	
20	K	Skilte parkeringsforbod i kurve ved kryss Rustadbakken/Lia, mot gbn 38/10	
	Fv	Nedsett fartsgrense Langeneset – Eikeland, 60 km-sone	
K	Fv	Fortau frå snarveg til Villabakken - opp til Risesvingen	
Tidl. inn- spel	Fv	Utbetring Svelgen – Botnane, vegutviding, møteplassar, rekkverk, siktrydding, pga meir trafikk med store køyrety	
		Hauge	

34	K	Fartsdemparar i Førds, Førdsvegen, adresser nr 16 til 41	x
		Davik – Rugsund	
38	Fv	Nedsett fartsgrense frå sentrum Davik til Geilehola vest for Davikneset	
39	Fv	Nedsett fartsgrense frå sentrum til Davikneset	
39	Fv	Skilting om smal veg og farlege avkøyrslar, sentrum til Davikneset	
41	Fv	Gangfelt ved Leirgulen Handel	
50	Fv	Fartsdemparar ved Herrevold, smal, uoversiktleg strekning før Davikneset	
51	Fv	Gangfelt ved Davik oppvekst	
52	Fv	Nedsett fart/fartshumpar ved buskur ved avkøyrslar Dombesteinsvegen	
46	Fv	Gangfelt på fylkesvegen, ved avkøyrslar til Blålida, skilt 142 «Barn»	
Tidl. Innspel	K	Rassikring Blålidvegen, mellom Leirgulen og Lisjevatnet	
Tidl. Innspel	Fv	Kolset – Hessevågen, vegutviding og sikt, spesielt nemnt Olsbøen	
		Ålfoten	
55, 58	K	50-sone frå avkøyrslar Ålfotevegen, fartshumpar ved avkøyrslar til Brotane, og ved Ålfotevegen 15 og 19.	x
59	K	30 km-sone frå avkøyrslar Kyrkjevegen – til skulen. Skilting «Skuleveg»	
		Botnane	
61, 62	Fv	60 km-sone gjennom bygda	
		Kalvåg	
63	K	Fartshump(ar) Holmebakkane, og oppgradering av eksisterande humpar gjennom Kalvåg	x
64	K	Evt heva gangfelt, frå snarveg skule til ny busslomme i vest	

10.3 DRIFTSTILTAK

I planarbeidet har det kome innspel vedkomande drift/vedlikehald på konkrete stader. T.d. er skog/vegetasjonsrydding viktig for trafikktryggleiken mange stader.

Kommunen vil vurdere dei under nemnde tiltaka som ligg innanfor deira ansvarsområde. Ein vil oppmode fylkeskommunen om å vurdere tilsvarande på sine felt, og på private eigedomar må grunneigarane sjølv syte for at vegetasjon til eikvar tid blir halden nede til maks 50 cm høgde over vegbane.

DRIFT/VEDLIKEHALD AV VEGNETTET, Aktuelle tiltak frå innspel:

Ref innspel	Veg	Stad og tiltak
		Svelgen
2	K	Rydde sikt i Skinstølen
4	FK	Gatelysoppgradering, sentrum - Langeneset
19	FK	Rydde sikt langs fylkesvegen frå Mevika og austover
22	K	Reparere etter erosjon ved bru-kar, Nesbøelva

24	FK	Siktrydding frå Dyrstad til Svelgen
----	----	-------------------------------------

23	FK	Ujamn vegbane på vegen til Dyrstad
		Hauge
35	FK	Fjerne sikthinder (vegetasjon) ved avkøyrsele legekontor
		Davik - Rugsund
42, 48	Fv	Oppgradering rekkverk Isane - Davik – Rugsund, herunder austover frå Askeland
43	Fv	Fornye slite og holete vegdekke, Davik - Rugsund
		Ålfoten
57	P	Brøyting av den private Øyrevegen, som alternativ til trafikkfarleg kommunal veg

11 KOMMUNAL INVESTERINGSPLAN 2022 - 2025

Kapittelet gjeld kommunen sine investeringstiltak i komande 4-årsperiode.

Kostnadene er førebelse overslag. I samband med utarbeiding av konkrete søknader om fylkeskommunale trafikktryggingssmidlar, vil tiltaka bli nøyare kostnadsreikna.

Gjennomføringsår og sum er oppgjevne i heile 1000 kr.

Stad/ tiltak	2022	2023	2024	2025
1 Fortau frå Spar Hauge til skule, langs Fv 5706, reguleringsplan	400			
2 Bygging fortau frå Fv 614 til Svelgen idrettshus				
3 Ålfoten, 50 km og humpar ved Brotane, 30 km-sone ved butikken, K-veg		100		
4 Holmebakkane Kalvåg, 30 km-sone, Kommunal veg				
5 Byggje fortau Hauge, frå Sparbutikken til skulen, Fv 5706			2000	
6 Gangbru Riseelva, prosjekteringsendring og bygging *, Fv 614				6000
Sum	400	100	2000	6000
Trafikktryggingssmidlar (opp til 60%)	240	60	1200	3600
Netto kostnader for kommunen	160	40	800	2400

Kommentar: Vi føreset at fylkeskommunen som vegeigar vil prioritere ny køyrebru med gangbru, over Riseelva, i sine planar. Køyrefeltet på brua er smalt, og brua ligg for lågt i høve krav til stormflo. Vi set det likevel opp i investeringsplanen no. Ein vil ha dialog med fylkeskommunen om bruplanane.

